



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato:	06.11.2025
Deres dato:	08.09.2025
Vår referanse	25/18787-2
Deres referanse:	25/9679-5
Vår saksbehandlar:	Kristine Gisholt

Uttale til offentlig ettersyn av planprogram og innspel til varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 - Midt-Telemark kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 8. september 2025 med varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 for Midt-Telemark kommune. Uttalefristen er sett til 7. november 2025.

Føremålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Føremålet med rullering av kommuneplanen sin arealdel er å leggje til rette for ei berekraftig utvikling som følgjer opp satsingsområde og strategiar frå samfunnsdelen. Arealdelen styrer kvar ein kan byggje nye bustader, fritidsbustader eller etablere næringsareal. Samtidig skal planen ta omsyn til mellom anna klima, naturmangfald og landbruk. Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, føresegnar og ein planomtale som utdjupar og grunngir arealbruken og føresegnene knytt til arealbruken. Eventuell endra arealbruk som blir lagt inn i arealdelen, skal konsekvensutgreiast.

Det er nå tenkt ein avgrensa revisjon av arealdelen til kommuneplanen for perioden 2025-2035. Dette for å få ein heilskapleg og framtidsretta plan for arealbruken i Midt-Telemark kommune. Arealdelen ble sist vedteken i 2021.

Kommunen har bedt om regionalt planforum i denne tidlege oppstartsfasen av planarbeidet.

Planprogram til offentlig ettersyn

Forslag til planprogram for rulleringa er lagt ut til offentlig ettersyn. Planprogrammet beskriv formålet med rulleringa og fokusområde:

Hovudmålet med planarbeidet er å finne attraktive, nye næringsareal for energiproduksjon. Ein ønskjer ein avgrensa revisjon av arealdelen, der to tema skal vurderast:

- Næringsareal
- Areal for energiproduksjon

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-12.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtalen blir vidareført inntil vidare mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Del 1: Fylkeskommunens uttale til varselet om oppstart av planarbeid

Telemark fylkeskommune vil, med bakgrunn i ansvarsområda våre, gi følgjande innspel til varsel om oppstart av planarbeidet:

Sektor samfunnsutvikling

Seksjon samfunn og plan

Regionale planar

Under planprogrammets overskrift 2.2 Regionale føringar må Regional plan for samordna areal og transport i Telemark og Regional plan for trafikksikkerhet for Vestfold og Telemark fylkeskommune 2023 – 2026 (2034) tas med som eigne underpunkt.

- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025 (ATP Telemark)

ATP Telemark, vedteke 10. desember 2014, legg føringar for arealutviklinga i Telemark.

Hovudmåla i planen er:

- Befolkningsvekst skal skapast ved å velje løysingar som sikrar attraktivitet for bedrifter, bebuarar og besøkjande
- Berekraft skal skapast ved å velje areal- og transportløysingar som fremjar miljøvennleg transport, trafiktryggleik, god folkehelse og god samfunnsøkonomi

I ATP Telemark er det valt ei rekkje strategiar for å nå måla om ein attraktiv og berekraftig region. Strategiane blir følgt opp av mål, retningslinjer og føreseigner, som må sikrast vidare gjennom oppfølging og konkretisering i kommuneplanens arealdel for at det skal vere mogleg å nå felles vedtekne mål. ATP Telemark følgjer opp nasjonale retningslinjer og forventningar om samordna areal- og transportplanlegging, og legg til rette for at nasjonale, regionale og lokale mål om areal, transport og klima skal nåast.

ATP Telemark gir i retningslinjene sine, kommunane eit breitt handlingsrom for fastsetjing av tettstadsgrense (ATP Telemark kap. 8) og avklarar at denne skal definerast gjennom arbeid med arealdelen og visast i plankartet. Vi vil peike på at det er ein føresetnad av tettstadsgrensa skal ha

ei logisk forankring i til dømes stadkarakteren og bustadstrukturen på tettstaden. Samtidig har ATP Telemark retningslinjer om at akseptabel gangavstand blir rekna inntil 500 meter, og det skal takast omsyn til barn og unge i all planlegging. Det er eit mål å fremje god tettstadsutvikling og leggje vekt på korleis framtidig bustadbehov kan bidra til å styrkje dette.

- Telemarksplanen – regional planstrategi (vedteken 11.12.2024)

Telemarksplanen viser kva regionale utviklingstrekk som er spesielt viktige i perioden, for deretter å trekkje fram langsiktige mål for regional utvikling og konkretisere kva som skal bli prioritert i perioden for å møte sentrale utfordringar. Telemarksplanen har satsingsområda inkluderande, skapande og naturrike Telemark. Innanfor kvar satsing er det tre hovudmål. Satsingsområda og hovudmåla i Telemarksplanen er et resultat av kunnskapen om utviklingstrekk som blei presentert som spesielt viktige i perioden.

Fylkeskommunen si tilråding er at Midt-Telemark kommune bør vurdere kven av dei regionale utviklingstrekk og satsingsområda, som er viktige for Midt-Telemark kommune dei neste åra. I arbeidet med Telemarksplanen gjennomførte fylkeskommunen ein prosess. Kunnskapsgrunnlag, statistikk og prosessbeskriving frå arbeidet vårt kan fritt nyttast og ligg tilgjengeleg på nettsida vår her: [Telemarksplanen 2024-2028 - Telemark fylkeskommune](#)

Interessene til barn og unge i planlegging

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Omsynet til barn og unge er sterkt forankra i lovverket og nasjonale retningslinjer, jf. plan- og bygningslova §§ 1-1, 3-1, RPR- barn og planlegging pkt 4 og 5 og dessutan forvaltningsloven § 17.

Etter RPR pkt 3 skal fylkeskommunen rettleie og gi kommunen støtte til å sikre interessene til barn og unge i planarbeidet i kommunen. Dette blir følgt opp med ei generell retningslinje i ATP Telemark om at det skal takast omsyn til barn og unge i all planlegging. Dette omsynet må vidare konkretiserast gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Fylkeskommunen viser til kor viktig det er med klare og gode føresegner i kommuneplanen for å vareta kravet barn og unge har til leikeareal i reguleringsplanar. Grønstruktur og leikeareal dannar grunnlaget for gode bumiljø og må viast eit større fokus i planlegging.

Ved omdisponering av areal som er eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatning. Dette gjeld også ved omdisponering av uregulert areal, eller dersom omdisponering av areal eigna for leik fører til at omsyna i punkt 5 ikkje blir oppfylte.

Seksjon klima, næring og innovasjon

Næring

Midt-Telemark kommune bør prioritere utvikling av nye næringsområde innanfor verdikjeder der kommunen allereie har særskilde fortrinn, eller som er av anna strategisk betydning t.d. beredskap. Ei slik prioritering løftar også behov/moglegheit for å vidareutvikle og styrke eksisterande næringsområde gjennom t.d. gjenbruk, fortetting og transformering. På eksisterande (og eventuelle nye næringsområde) bør det prioriterast å legge til rette for

infrastruktur som mogleggjer synergjar mellom verksemdar for mest moglege berekraftig utnytting av ressursar. Dette er også relevant å tenke på i arbeid med å etablere ulike verksemdar på ledige areal – dvs. plassere aktørar som kan ha nytte av kvarandre sine ressursar i nærleiken av kvarandre.

Hovudtemaa i planprogram til ny regional plan for klima, energi og grøn omstilling vektlegg følgande hovudtema innan grøn omstilling, og planprogrammet for den regionale planen ble fastsatt av Fylkestinget 22. oktober 20225:

1. Utvikle sirkulære verdikjeder
2. Sikre rett areal og infrastruktur
3. Sikre rett kompetanse og utdanning

Planprogrammet som er lagt fram her, ser ut til å ta til seg hovudlinjene i arbeidet frå fylkeskommunen med ny regional plan for klima, energi og grøn omstilling.

Det er viktig at vidare utvikling av næringsareal skjer innanfor dei rammene som blir gitt av tilgjengeleg nett og kraft. Fylkeskommunen meiner kommunen gjennom dei to hovudprioriteringane i planarbeidet sikrar dette.

Klima og energi

Det er eit nasjonalt vedtatt mål å kutta klimagassutsleppa jf. klimalova §§ 3, 4 og 5. Det er ei klar statleg forventning om at ein strekker seg langt for å følgje opp dei måla som er sett gjennom berekraftsmål og dessutan i klima- og miljølovgivinga. Fylkeskommunen tilrår at kommunen følger rettleiaren - [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#). Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane vektlegg arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging (Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023). Vi oppmodar til å bruke klimarekneskap til å gjennomføre målretta tiltak for utsleppsreduksjonar.

Fylkeskommunen viser til prinsippa med å unngå, flytta, forbetra (NOU 2023: 25 Omstilling til lågutslepp 3.7 og 6.3). Skal ein få til reduksjonar av utslepp i tråd med forventningane til klimalova, må ein i større grad unngå å avgrensa aktivitet. Dersom ny aktivitet er nødvendig bør ein sjå på moglegheiter for å kompensera for auka klimautslepp som følge av nye planar, gjennom reduksjon andre stadar slik at totalsummen for kommunen er innanfor klimamåla.

Behovet for tilgang på kraft og nett er stort, og inngrep i naturen framover bør hovudsakleg bli avgrensa til dette formålet.

Kommunen bør bruke arealplanlegging og særleg planvask, som verktøy til å kutte i klimagassutslepp. Ein kan bruke verktøy som areal-, klimagass-, og naturrekneskap for å sikre at arealforvaltninga ikkje aukar klimagassutsleppa ut over det som er berekraftig. Samfunnsnytta av arealbruken må vurderast opp mot natur- og klimakostnadene. Ein bør sjå på moglegheiter for å lausriva samfunnsutviklinga frå framleis aukande arealbruk.

Kommunen bør vurdere bruk av rekkefølgeføresegn for å motverke at næringsareal ikkje blir utnytta (gråareal). Om ein ønsker å nytte gråareal til energiproduksjon, må det gjerast på basis av grundige vurderingar av dei langsiktige konsekvensane for arealbruken. Bruk av gråareal til energiproduksjon bør vere mellombels. Ønskes areal brukt til energiproduksjon bør areala regulerast til formålet.

Ein bør gjennom planen legge til rette for at bygningsmassen blir sett i stand til å dekke mest mogleg av eige energibehov.

I tråd med regional klimaplan for Telemark anbefaler vi at det blir sett krav til miljøsertifiserte leverandørar, av varer og tenester, og dessutan lågt klimafotavtrykk for gjennomføring. Det bør også vurderast å sette krav til fossilfrie, utsleppsfrie og avfallsfrie bygg og anleggsplassar.

Vassressursforvaltning

Vassførekomstane skal vernast mot degradering, bli forbetra og gjenoppretta med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand, jf. forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) §§ 4 – 7. Vi minner om Regional vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vassregion (2022-2027), som beskriv påverkingar og tilstand i vassmiljøet, og dessutan miljømål og unntak frå miljømål for alle vassførekomstane til vassregionen. Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for regionale organs verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd, jf. plan- og bygningsloven § 8-2 og vassforskrifta § 29. Planen har [retningslinjer for arealplanlegging i vedlegg 7](#). Vi ønskjer i denne samanhengen også å vise til den nye rettleiaren for [vassmiljø i arealplanlegging](#). Det står om krava til kunnskapsgrunnlaget i kapittel 4.

Vi ser at kommunen skal inkludere vassmiljø som tema i konsekvensutgreiinga, i tråd med § 21 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Vi viser til eksisterande kunnskap om vassførekomstane på nettsidene [vass-nett](#) og [vassmiljø](#). Vi forventar at det er metodikken i handbok M-1941 eller tilsvarende blir lagd til grunn for utgreiingane knytte til vassmiljø. Vi minner om at det er strenge avgrensingar når det gjeld tiltak som kan ringast miljøtilstanden i vassførekomstane eller vanskeleggjer måloppnåing, jf. §12 i vassforskrifta. Nødvendige tiltak for å beskytte vassførekomstane må sikrast i føreseigna. Viss konsekvensutgreiinga viser at enkeltområde er i strid med § 12 kan dei ikkje takast inn i planen. Ved gjennomgang av dei eksisterande planane bør kommunen vurdere om dei strider med § 12 i vassforskrifta eller retningslinjene i den regionale vassforvaltningsplanen.

Vilt og fisk

Midt-Telemark kommune omfattar store utmarksområde, med gode viltbestandar. Arealbruken til viltet vil påverka både grøntareal, men også område nært opp til menneske og infrastruktur. I den samanhengen er svært viktig å vareta grønne korridorar som knyter større skog- og utmarksområde saman. Slike trekkvegar kan vera regionalt viktige og essensielle for varetakinga av genetisk mangfald. Også lokalt kan slike trasear vera svært viktig, til dømes for flyttinga til artane mellom sommar- og vinterbeiteområde.

Elgen er den arten med størst krav til ein korridor, og gjennom å sikra trekkvegar for denne arten vil ein samtidig vareta interessene for ei lang rekkje andre viltartar. Ein må vera merksam på arealbehovet til viltet i samband med forslag om prosjekt som kan påverka grøntstruktur/LNF. Det er viktig å halda oppe samanhengande strukturar av naturområde og landbruksområde, slik at viltet kan finna opphaldsareal og ha rom for å bevega seg i landskapet. I tillegg til skog og myr, er kantsoner i jordbrukslandskapet og langs vatn og vassdrag verdifulle økologiske funksjonsområder for dyreliv.

Ein må ha eit særleg vake auge for stader og strekningar der det allereie er vanskeleg for viltet å ta seg fram. Det er ekstra viktig å ta vare på samanhengande grøne korridorar dersom det er få av dei, eller dersom dei naturlege grøne korridorane har vorte snevra inn som følgje av tidlegare utbygging.

Bruken til viltet av areal endrar seg ofte over tid. Ein må vera merksam på at eventuelle eldre viltkartleggingar ikkje nødvendigvis viser kva område som er viktige økologiske funksjonsområde for artane i dag. Det vil vera nyttig å henta inn data frå fallviltregisteret/hjorteviltregisteret som kan gi eit bilete på viktige trekkområde. Likevel er eksisterande digitale databasar ofte mangelfulle og det finst som regel lite eller ingen informasjon knytt til haustbare viltartar. Det vil derfor ofte vera behov for å henta inn oppdatert kunnskap og informasjon. Dette vera seg kommunar, rettshavarar og andre interessentar.

Seksjon kultur

Idrett og friluftsliv

- Friluftsløva
- Statleg sikra friluftsområde (Naturbase)
- Kartlagde og verdisette friluftsområde (Naturbase)
- Ferdelsårane ved friluftslivet (Naturbase)

Det bør takast omsyn til at Midt-Telemark er ein kommune der friluftsliv og reiseliv er sterkt kopla saman. Vi legg til grunn at interessene til friluftslivet blir registrerte og vurderte konkret i planarbeidet, og at desse interessene også blir jamført med interessene til barn og unge. Prikkpunkta over er nyttige kunnskapsbasar i ei slik vurdering

Kulturarv

Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse er utpeika av Riksantikvaren etter strenge kriterium og representerer verdiane av stor betydning for både lokal og nasjonal historie. Sjølv om registeret ikkje inneber eit juridisk vern, utgjer det eit viktig kunnskapsgrunnlag som bør innlemmast i arealplanlegginga i kommunen. Ved å leggje desse områda inn i kommuneplanens arealdel sikrar kommunen betre avgjerdsgrunnlag, føreseielegheit og ei heilskapleg vurdering der omsynet til kulturarven er tydeleg vareteke. Kulturmiljøa er viktige identitetsberarar som bidreg til lokal tilhøyrse, stadutvikling og kan styrke både næringsliv og reiseliv.

Vi oppmodar derfor kommunen til å innarbeide kulturmiljøa av nasjonal interesse i arealdelen, slik at dei nasjonale verdiane kan varetakast på ein god måte samtidig som kommunen viser ansvar for ei berekraftig og framtidsretta forvaltning av kulturarven.

Vi har lagt ved avgrensinga til kulturlandskapet for Nes og Sauar og kulturmiljøet for Årnes brygge. Vi ber om at områdene blir lagt inn som omsynssone c i arealdelen. I tillegg ber vi om at områda rundt Nes og Sauherad mellomalderkyrkjer blir lagde inn som føresegnområde, med eit strengare vern.

Fylkeskommunen har utarbeidd eit forslag til føresegner for desse områda, som vi ønskjer å diskutere med kommunen i det vidare arbeidet.

Forslag til omsynssone C H570_ for heile kulturmiljøet

Føresegn:

Området bør forvaltast slik at karakteren i landskapet som beskrive i rapport Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse i Telemark blir oppretthalde og styrkt.

Ved behandling av søknader bør omsynet til særpreget i landskapet vektleggjast, slik at vesentleg negativ påverking blir unngått.

Nye tiltak bør underordnast heilskapen til kulturmiljøet og tilpassast eksisterande struktur, skala, proporsjonar, materialbruk og fargar.

Busetnad tilknytt landbruksdrift bør som hovudregel plasserast i tilknytning til eksisterande gardstun og formast ut i samsvar med lokal byggjeskikk.

Tiltak i LNF område, under dette spreidd busetnad, bør ikkje ringast karakteren til gardsbusetnaden eller kulturlandskapet, og siktlinjene i landskapet og heilskapleg uttrykk bør bevarast.

Forslag til omsynssone C H570_ Årnes brygge.

Føresegn:

Ved behandling av søknader bør omsynet til særpreget i kulturmiljøet vektleggjast, slik at vesentleg negativ påverking blir unngått.

Nye tiltak bør underordnast heilskapen til kulturmiljøet, byggeskikk og tilpassast eksisterande struktur, skala, proporsjonar, materialbruk og fargar.

Ved reparasjon og ombygging bør eksteriøret så langt som mogleg bevarast eller førast tilbake til sitt opphavlege uttrykk. Dette gjeld særleg fasadar, detaljar, tak, vindauge og fargar. Opphavlege materialar bør nyttast der det let seg gjere.

Forslag til føresegnområde B# for Nes og Sauherad mellomalderkyrkjer

Føresegn:

Nes og Sauherad mellomalderkyrkjer med tilhøyrande kyrkjestader skal varetakast som sentrale element i kulturmiljøet.

Nye inngrep og tiltak i kulturlandskapet skal formast ut slik at dei held oppe eigenarten i landskapet, visuelle kvalitetar, og ikkje svekkjer den historiske dominansen til kyrkjene i landskapet.

Vidare er det forbod mot tiltak som i storleik, høgd, form, materialval eller plassering kan redusere eller konkurrere med prominensen i kyrkjebygningane.

Ved behandling av søknadspliktige tiltak innanfor det ramma området, skal det gjennomførast og vektleggjast ei særskild vurdering av verknaden av tiltaket på landskap og kulturmiljøet.

Vidare burde det visast til Riksantikvarens rettleiar når det gjeld konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel for tema kulturminne og kulturmiljø:

[Konsekvensutredning_kommuneplanens_arealdel_veileder.pdf](#)

Mellomalderkyrkjestader:

Gjeldande kommuneplan har ikkje korrekt avgrensing for mellomalderkyrkjestadene i Sauherad og Bø. Vi ber om at både lokaliteten og tilhøyrande sikringssoner blir lagt inn i den nye planen som omsynssone D, basert på oppdatert avgrensing som kan lastast ned frå Askeladden, slik at kulturminneverdiane blir varetekne og gjorde tydeleg for planstyresmakter og grunneigarar.

Vi ber om at middelalderkirkestedene Nes, Bø og Sauherad får følgjande føresegn:

Innanfor omsynssone H730_ er det ikkje tillate med inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan påverke det automatisk freda kulturminnet utan dispensasjon etter kulturminnelova.

For mellomalderkyrkjestadene Sauherad, Nes og Bø gjeld unntak for gravlegging i eksisterande graver som har vore i samanhengande bruk sidan mellomalderen. Graver som ikkje er i bruk i dag, eller der det ikkje har vore gravlegging etter 1945, skal ikkje takast i bruk på nytt.

Kyrkjestader:

I 2021 vart kyrkjelova erstatta av lov om trus- og livssynssamfunn. Dette inneber at det tidlegare generelle byggjeforbodet på 60 meter frå kyrkjebygg har falle bort. Det er føresett nasjonalt at kommunane sjølv definerer soner rundt kyrkjene for å vareta den landskapsmessige og kulturhistoriske betydninga deira.

Kyrkjer har ulik status, og for sjølve kyrkjebygga er det biskopen som har godkjenningstyresmakt. For omgivnadene til kyrkja finst det derimot ingen særskilde føresegner i lovverket, utover forbodet til kulturminnelova mot skjemming av automatisk freda kulturminne – som gjeld mellomalderkyrkjer og kyrkjegardar.

I fråvær av eit generelt byggjeforbod blir tilrådd Midt-Telemark kommune å etablere omsynssoner eller føresegnområde rundt kyrkjene i kommuneplanens arealdel. Dette bør

vurderast for alle kyrkjer i kommunen, uavhengig av om dei er freda, listeførte eller utan formell vernestatus.

Omsyn til automatisk freda kulturminne:

Det er forventa at det finst ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor områda som vert dekt av kommuneplanen, sidan store område ikkje er systematisk registrert. Fylkeskommunen vil såleis ikkje ha grunnlag for å greie ut kva følgjer den foreslegne arealdisponeringa får for eventuelle automatisk freda kulturminne. Vi må difor presisere at vi ved vår fråsegn ikkje kan seie oss samd i arealbruken i kommuneplanen, jf. Kulturminnelova § 8, 4. ledd. Dette fører med seg at arealdelen til kommuneplanen ikkje har direkte rettsverknad i høve til automatisk freda kulturminne, noko som kan få særskilte konsekvensar for område som blir lagt ut som byggjeområde. Arealbruk vil først bli avklåra når dei einskilde regulerings- og utbyggingsplanar blir sendt til fylkeskommunen som sektormyndede for kulturminnevern. Av dette følgjer og at kulturminnevernet må vere høyringsinstans når det gjeld tiltak i LNF-områda.

Ynskjer kommunen ei klargjering av moglege konflikhtar på kommuneplanstadiet, er dette fullt mogleg innanfor dei områda ein ynskjer å leggje ut til byggjeområde. Det kan løne seg dersom kommunen veit at kommuneplanen vil utløyse arbeid med fleire reguleringsplanar. Det vil gjere arbeidet med synfaring meir rasjonelt dersom fleire reguleringsplanar blir tatt under eitt. Kommunen vil då på vanleg måte dekkje kostnaden med dei arkeologiske undersøkingane som er naudsynte for å kunne vurdere om utbygginga kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Kjende kulturminne:

Kjende, automatisk freda kulturminne kan framstillast som omsynssoner i arealdelen. Dette kan vere eit verkemiddel for å vise fram dei viktigaste omsyna og ikkje nødvendigvis for å markera alle registrerte kulturminne. Kartfesting av viktige omsyn og verdiar gjennom omsynssoner skal bidra til større føreseielegheit. Kva for viktige interesser og eigenskapar som er knytt til bestemte areal vert vist på denne måten, og kan dermed gi nyttig informasjon til dømes ved vurdering av nye utbyggingsområde.

For automatisk freda kulturminne skal sosikode H730 nyttast.

Sektor Samferdsel

Åtkomst og trafikktryggleik må vurderast når ein vurderar nye arealbruksformål i planen.

Del 2: Fylkeskommunens uttale til offentlig ettersyn av planprogrammet

Planprogrammet gir ein god oversikt over kva tema kommunen skal drøfte i planarbeidet.

Spesifikke tema for rullering frå planprogrammet

Planvask

Planprogrammet kap. 6 beskriv at kommunen skal vurdere om innhaldet i eksisterande reguleringsplanar i planområdet er i tråd med kommunens interesser, samt regionale og nasjonale føringar. Eldre planar som ikkje er i tråd med dette vil bli foreslått oppheva. Det er viktig at resultatane av denne arealgjennomgangen blir beskriven i form av tabellar med

arealstorleikar, kart og liknande. Fylkeskommunen har utvikla eit verktøy for arealrekneskap. Arealrekneskapsverktøyet er utvikla i samarbeid med kommunane og gir oversikt over arealtypar, bygd ut, eller opparbeidd areal, og arealformål frå planar, for kvar enkelt kommune og samla fylke. Vi meiner verktøyet gir eit godt grunnlag for å vurdere arealdisponeringa i kommunen og står gjerne til disposisjon for nærare samarbeid i bruken av verktøyet i arbeidet med ny arealdel.

Medverknad

Av pbl § 5-1 kjem det fram at kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, under dette barn og unge. Planprogrammet manglar konkretisering av korleis og på kva tidspunkt born og unge skal involverast i arbeidet, og rolla til barnerepresentanten, og vi ber om at planprogrammet blir supplert med dette. Vi minner om at resultatet av medverknaden må komme tydeleg fram av sakspapira seinare.

Vestfold og Telemark fylkeskommune utarbeidde i 2023 ein digital planretteleiar til bruk i arbeidet til ungdomsråda med involvering i planer, og han ligg open tilgjengeleg på nettet. Vi tilrår den absolutt til bruk i forum som vender seg mot både yngre og eldre.

[Planretteleiar](#)

Konsekvensutgreiing

Vi vil peike på at forskrift om konsekvensutgreiing legg til grunn at alle private innspel om ny eller endra arealbruk skal vurderast. Konsekvensutgreiinga må vise alle utbyggingsområde i planforslaget slik det blir lagt ut til offentleg ettersyn, også vurderingar og siling av innspel som blir silt vekk tidleg i prosessen bør dokumenterast tydeleg i den politiske prosessen. Som døme på ein god og lett tilgjengeleg KU for arealdelen viser vi gjerne til Porsgrunn kommune sin sak 39/19, 13. juni 2019.

Fylkeskommunen ber om at arealinteressene til born og unge blir eit fast tema i vurderinga av enkeltområde i konsekvensutgreiinga, men at det og er eige tema i planomtale til arealdelen. Vi viser til Rikspolitiske retningslinjer for å styrkje born og unges interesser i planlegginga, punkt 5. Areal og anlegg som skal brukas av born og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare.

Fylkeskommunen vil spesielt peike på at forholdet til interessene til barn og unge må tilleggjast særleg vekt ved utbygging. Tilstand og ansvarsforhold ved eksisterande område for leik bør kartleggjast og inngå som eit viktig kunnskapsgrunnlag, for å kunne vurdere utbyggingspotensialet i Midt-Telemark.

Planfaglig rettleiing

Fylkeskommunen vil også peike på at det er viktig med brei involvering for å få fram erfaringar med bruk av føresegnene og retningslinjene. God teknisk framstilling av plankartet i tråd med kart- og planforskrifta må vektleggjast. Alt av rettleiing til planlegging etter plan- og bygningslova finst fint samla på regjeringas sider:

[Planlegging - regjeringen.no](http://planlegging-regjeringen.no)

[Kommuneplanens arealdel - regjeringen.no](http://kommuneplanens-arealdel-regjeringen.no)

Fylkeskommunen ber om at det tydeleg kjem fram av planmaterialet som blir sendt på offentlig ettersyn kva endringar som er gjort i forhold til gjeldande plan. Endringar som er på høyring skal vere tydeleg markerte i plankartet. Eit planforslag som viser endringane tydeleg, vil letta arbeidet for høyringspartane stort i offentlig ettersynsfasen, og bidreg til ei god behandling av arealdelen.

Det er no varsla ein avgrensa rullering av arealdelen, der næringsareal og areal for energiproduksjon er prioritert. Dersom andre innspel ikkje vil bli vurdert, må dette kome tydeleg fram.

Avslutningsvis

Fylkeskommunen synest det er veldig positivt at det blir halde eit møte i regionalt planforum før planforslaget blir lagt ut til offentlig ettersyn. Kommuneplanen sin arealdel er eit viktig og langsiktig styringsdokument for å oppnå felles vedtekne mål. Møte og dialog i den vidare prosessen vil bidra til å sikre godt samarbeid rundt eventuelle problemstillingar, unngå misforståingar og gi moglegheiter for å løyse enklare problemstillingar før offentlig ettersyn.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleder
Samfunn og plan

Kristine Gisholt
rådgiver
kristine.gisholt@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Vedlegg:
Kultumiljo_kul
Årnesbrygge_kul

Mottakere:
MIDT-TELEMARK KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN

Saksbehandlar

Kristine Gisholt - hovedsaksbehandlar
Geir Sørums - næring, klima
Lotte Thommesen - vassforvaltning
Ole Bjørn Bårnes - fisk- og viltforvaltning
Andreas Skogstad - idrett og friluftsliv
Sindre Arnkvern - automatisk freda kulturminner
Pernille Helena Glesaaen - nyare tids kulturminner
Dag Steinar Ragvin - samferdsel

tlf. 92 81 20 52
tlf. 93 45 80 33
tlf. 40 62 17 33
tlf. 95 07 30 43
tlf. 93 05 41 89
tlf. 40 91 23 87
tlf.
tlf. 94 16 94 76

e-post: kristine.gisholt@telemarkfylke.no
e-post: geir.sorum@telemarkfylke.no
e-post: lotte.thommesen@telemarkfylke.no
e-post: ole.bjorn.barnes@telemarkfylke.no
c post: andreas.skogstad@telemarkfylke.no
e-post: sindre.arnkvern@telemarkfylke.no
e-post: pernille.helena.glesaaen@telemarkfylke.no
e-post: dag.steinar.ragvin@telemarkfylke.no